



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 86

Namnet på vatnet Lilandsvatnet

Kommune Lund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

L I L A N D S V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 11. september 1986.

Vatnet ligg i Lund kommune, aust for dei to nedlagte gardsbruka på Liland, og grensar nærast for ein del til vegen mellom Skåland og Mydlandsvatnet i Sokndal kommune.

Arealet er omlag 25 ha og h.o.h. 308 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er store grunnlendte partier fleire stader.

Stranda består for det meste av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegestasjon og nedslagsfelt.

Det er ein heller sparsam vegetasjon i vatnet, men einstilte stader vil ein kunna finna brasmegras, nøkkeroser m.v.

Nedslagsfeltet femner om mykje snaufjell med spreid lauvskog innimellom. På vestsida ligg dei nedlagte gardsbruka på Liland, som nå vert nyttasom kulturbeite.

Dei to største bekketilsiga fell inn i nord og vest og kjem frå div. småvatn. Mindre bekketilsig fell elles inn fleire stader.

Avlaupet renn ut i sør og går om Godvatnet, Navrestadvatnet m.fl., ut i Lundevatnet.

Dei kjemsike tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for nærare analyse, men ei pH måling ute på vatnet synte 4.7. Presis same resultat synte ei måling i bekke ved husa på garden.

Fisk m.v.

Det var sett ut 7 garn av ymse maskestorleik (16-18-20-22-24 28-32 omf.) utan at det, etter ei fangstnatt, vart fanga ein einaste fisk. Dette stemmer med det lokalkjente folk kunne fortelja, at vatnet var fisketomt.

Vi fekk opplyst, at for omlag 15 år sidan var det bra med fisk i vatnet, men denne hadde gått tilbake år for år.

For nokre år sidan hadde det også vorte sett ut noko fisk, men berre nokre få av desse hadde vorte attfanga.

Konklusjon.

P.g.a. sur nedbør har det gått med fisken i Lilandsvatnet, slik som det har gått med fisken i så mange vatn i Sør-Vest-Norge, fiskebestandet har forsvunne.

Grunnen til dette er då, at nedslagsfeltet ikkje har vore i stand til å nøytralisere den sure nedbøren, og fylgjeleg har vatnet vorte så surt at rekrutteringa har svikta.

Nedslagsfeltet spelar som kjent ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang og fiskeproduksjon i eit vatn. Består dette t.d. av gjødsla, kultivert mark, vil avrenninga herfrå kunna betre vasskvaliteten, slik at vatnet får ei viss "bufferemne" som har nøytraliserande effekt m.o.t. surheit.

Sjølv om ein liten del av nedslagsfeltet for Lilandsvatnet er dyrka og gjødsla, så er dette for lite til å få noko innverknad. Storparten av nedslagsfeltet er snaufjell, kor harde og sure bergarter dominerar, og her er filtreringa minimal.

Når fisken blir borte i eit vatn, merkar ein som regel dette først, ved at ungelet og småfisken forsvinn. Den større fisken, som gradvis har tilvendt seg det sure vatnet, tåler noko meir. Ernæringstilhøva for denne fisken vil betra seg, når det blir ferre munnar å mette, og siste fiskegenerasjon i eit vatn er gjerne stor, feit og fin fisk.

Normalt ville gytetilhøva i bekker og bekkosar kunna ha sikra ei tilfredstillande rekruttering til Lilandsvatnet.

Praktiske tiltak.

For å betre vasskvaliteten og gi levelege vilkår for fisken, vil tilføring av kalk ha ei positiv innverknad.

Det er fleire måtar å kalke eit vatn på, enten ved å spreie kalken direkte i vatnet, spreie kalken i strandkanten eller kalke tilsigsbekkene. Også utlegging av sjølsand i tilsiga vil gi positivt utslag.

pH i bekken ved gardshusa vart målt til 4.7. Denne bekken vil eigna seg godt for kalking, då bilvegen kryssar, og innfallsosen ligg i nordre enden av vatnet. Kalkingseffekten vil såleis

koma Lilandsvatnet og nedanforliggjande vatn i vassdraget til gode.

Ved å ta kontakt med fiskerikonsulenten vil ein kunna få råd og rettleiing m.o.t. kalking m.v.

Ei tid etter utført kalking, kan det setjast ut fisk. P.g.a. at vatnet har vore fisketomt i mange år, har det magasinert seg eit visst næringsforråd, slik at utsetjingstalet fyrste gongen kan vera noko høgare enn i åra framover.

Eit høvande utsetjingstal vil dreia seg om 1 000 stk. setjefisk. Kondisjonsfaktor og fiskekvalitet vil kunna gi svar på eit høvande utsetjingstal i åra framover. Ved å kalke tilsigsbekkene, må ein kunna rekne med ei viss rekruttering i desse, og også i avlaupet vil fisken kunna gyte. Dette spelar sjølv sagt inn og vil kunna føre til eit meir moderat utsetjingstal. Kor stor oppfiskinga blir, vil også ha innverknad.

Ved å notere vekta på all fisken som bli oppfiska, vil ein kunna få eit godt grunnlag for å vurdere vatnet si bæreemne.

Alt fiske må førebels berre bli stangfiske mot løysing av fiskekort. Innkomene må nyttast til ytterlegare kalking, utsetjing og aktuelle kultiveringstiltak.

Det må snarast startast opp eit grunneigarlag for vatnet, og grunneigarene må etter nokre år kunna foreta eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (omf.12-14), for å nyttiggjera seg den større fisken. For i det heile tatt å kunna driva vatnet på ein tilfredstillande måte, er det ein absolutt nødvendighet, at det blir starta eit grunneigarlag (fiske-lag) så snart som mogeleg. Underskrivne vil vera hjelpesam i så måte.

Det er all grunn til å tru, at kalking av Lilandsvatnet vil få eit vellukka utfall, og koma mange til gode. Det er ei rekkje nedanforliggjande vatn som vil kunna dra nytte av kalkinga.

Etter 2-3 år bør det takast eit prøvefiske for å sjå utfallet av fiskeutsetjinga, fiskekvalitet, næringsforråd m.v.

Stavanger den 23. mars 1987.

Einar Berg